

Ulsteinvik 2. mars 2017

SOV-skipet 'Windea Leibniz' levert frå Ulstein

Offshorevindfartøyet 'Windea Leibniz' vart levert frå Ulstein Verft til Bernhard Schulte Offshore til avtalt tid 28. februar 2017. Skipet vart døypt i ein seremoni i Ulsteinvik i dag, og set straks kursen for vindfarmen Sandbank der det skal jobbe for Siemens.

Gudmora, Dai Ling, døypte reiarlaget BS Offshore og finansieringsselskapet ICBC Leasing sitt andre serviceskip til offshorevindindustrien. Skipet er oppkalla etter den tyske matematikaren, filosofen og fysikaren Gottfried Wilhelm von Leibniz, som i det 17. århundre kom med ideen til å bruke vindkraft for å drive pumper. Skipet er designa av Ulstein Design & Solutions AS.

Klar for å ta til i arbeid

Med oppstart i april, skal skipet arbeide på Sandbank-vindfarmen utanfor Tyskland for Siemens Wind Power Service, der det skal vere med på å sikre produksjonen av fornybar energi frå 72 vindturbinar.

Denne typen skip vert kalla serviceoperasjonsskip (SOV-skip), og bruken av desse vil forbetre effektiviteten til serviceoppdrag ved offshorevindfarmar. Skipet fungerer som ei påliteleg og berekraftig plattform for vindfarmoperasjonar og vedlikehaldsstøtte, overnatting og transport av teknikarar, og gir svært trygg og stabil tilgang til offshoreinstallasjonar.

- Endå ein gong viser Ulstein Verft at vi er i stand til å levere høg-kvalitets skip til avtalt tid. Vi ser fram til at skipet skal kome i arbeid, og få høyre tilbakemeldingar på korleis det går med henne innan fornybarmarknaden, seier administrerande direktør Kristian Sætre i Ulstein Verft.

X-STERN

- Skipet er utstyrt med hekkforma X-STERN™, som gjer at det kan ligge på posisjon med hekken mot veret, seier seier Matthias Müller, administrerande direktør i Bernhard Schulte Offshore. Han held fram: 'Det prisvinnande søsterskipet, Windea La Cour, som har arbeidd på den nederlandske Gemini-vindfarmen sidan august, har allereie prova at X-STERN gjer at skipet er veileigna i dårleg ver og kan vere i arbeid lenger tid om gongen. Skipet har redusert kraft- og drivstofforbruk medan det ligg på DP (dynamisk posisjonering) ved sidan av vindturbinen.

For meir informasjon:

Business Development BS Offshore: Christian Brozinski, +49 40 311 896 405 / e-post: christian.brozinski@bs-offshore.com

Administrerande direktør, Ulstein Verft: Kristian Sætre, mob: 913 40 505 / e-post: kristian.saetre@ulstein.com

Salssjef Offshore Wind, Ulstein Design & Solutions AS: Kolbjørn Moldskred, mob: 957 22 099 / e-post: kolbjorn.moldskred@ulstein.com

Fotos:

Eit utval bilete ligg ved, merka med fotokreditering. Fleire bilde kan sjåast på nettsaka vår. Større versjonar kan sendast over.

Om selskapa

ULSTEIN er eit familieeigd, maritimt konsern som vart etablert i 1917. Konsernet er ein internasjonal aktør med hovudkontor i Ulsteinvik, og med hovudaktivitet innan skipsdesign og løysingar, skipsbygging og systemløyningar for skip.

www.ulstein.com

Bernhard Schulte Offshore er ein del av Bernhard Schulte-konsernet, eit familieeigd reiarlag og skipsoperatør som sysselset kring 17000 sjøfolk og 1500 personar på land, eig 100 skip og driftar om lag 580 fartøy.

<http://www.bs-offshore.com>

Fakta om skipet:

Lengde 88 m, breidde 18 m, fart 13,5 knop, innreing for 60 personar og utstyrt med eit rørslekompensert gangvegssystem der teknikarane kan gå over til vindturbinane.

Fartøystype: Service Operation Vessel (SOV) for offshore vindturbinar

Design type: ULSTEIN SX175

Dødvekt: 3150 t

Djupgåande (maks): 6,4 m

Lastedecksareal: 380 m²

Dynamisk posisjonering: IMO klasse II (DYNPOS AUTR)

Hovudframdriftssystem: To azimuth thrusterar, kvar av desse drivne av ein frekvensstyrt elektrisk motor med variabel hastigheit

Andre thrusterar: Ein nedsenkbar azimuth thruster, to sidethrusterar framme

ULSTEIN SX175

Eit design utvikla for å møte framtida sine krav innan service og vedlikehald av offshore vindinstallasjonar. Ein vesentleg innsats har gått på å optimalisere skipet sine rørsler for å sikre trygg overføring av teknikarar og utstyr i samband med drift, vedlikehald og service av vindturbinar. Det har vore viktig å gje best mogleg komfort for teknikarane som skal vere om bord, og lugarane er plasserte der rørsle til fartøyet er minst.

X-BOW og X-STERN er, saman med det integrerte, likestraums hovudkraftsystemet med variabel turtalskontroll av dieselmotorane og propellsystema, sjølv kjernen i designet. Dette, i kombinasjon med eit eksoskatalysatorsystem, tilfredsstiller krava til IMO-Tier3, som er dei strengaste internasjonale miljøkrava.